

NR. 2

FEBRUAR 1985

18. ÅRG.

## Kyrkjene står ikkje unytta

Det hender av og til at folk hevdar at kyrkjene vert lite nytta. Ei dagsavis skreiv at kyrkjene i Bergen stod tomme etter ein snarvisitt innom ein av dei finaste sommarsøndagane i 1984. Om ein skal vurdera bruken av kyrkjene er det nok høgst urimeleg å leggja ei slik 2-minuttars vitjing til grunn slik som avisa gjorde.

I 1984 tok ein til å føra statistikk i kyrkjene over kor mykje dei var i bruk og kor mange som møtte fram. Det gjev eit heilt anna bilete av tilhøvet.

Det viser at kyrkjene slett ikkje står unytta – men at dei ofte er i bruk 2 gonger om søndagane og andre dagar. For å visa litt av dette kan vi ta med nokre tal frå denne statistikken. Sidan dette vart innført i løpet av 1984, tek vi berre med tala for 4. kvartal. Dette er ei tid med mykje aktivitet i kyrkja, så på årsbasis vil det vel kanskje verta litt mindre i gjennomsnitt. Men desse tala viser at i Arna kyrkje var det i månadane oktober, november og desember heile 52 arrangement i kyrkja. Talet for Ytre Arna var 28. I tillegg kjem alle korøvingane. I kyrkjene er det tilsaman 6 kor som har fast øving kvar veke, og i denne tida

**Framhald s. 6.**



**YTRE ARNA KYRKJE  
19. – 24. FEBRUAR**

I denne tida vert det møte kvar kveld i kyrkja. Møta tek til kl. 19.30, og det vert nokon med og syng på dei fleste møta. Talar vert landsevangelist Klaus Muff frå Det norske Misjonsselskap. Han skulle ha vore med på møta i Arna kyrkje i veka før, men kunne ikkje koma, då han måtte halda fram med ein møteserie i Kristiansand. Vi reknar det imidlertid som temmeleg sikkert at han kjem til Ytre Arna kyrkje. I Arna kyrkje går møta som planlagt, men med andre talarar.

**PREMIEKONKURRANSE FOR BORN s. 4**

## «Jesus frå Nasaret går forbi»

(Luk. 18, 31-43) Fastelavns-søndag 17. februar

Slik les vi i v. 37. Dette var ein av dei sjeldne dagane i Jeriko. Jesus vitja byen. På denne tida var Jesus kjend over heile landet. At han var kjend i Jeriko går fram av v. 38: Den blinde, som også var tiggjar, ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!»

Uttrykksforma «Davids son» var kjenneteiknet på Messias. Med det same den blinde fekk høyra at det var Jesus som gjekk forbi, vart han svært ivrig. Tydeleg sette han heile sin lit til at han var den einaste redninga hans. Om folket omkring prøvde å roa han hjelpte det ikkje. Han matte tala med Jesus. Kanskje følte han at heile hans framtid var knytt til kva Jesus ville gjera. Når sa Jesus møter han er det som a vinna «fritt val». «Kva vil du eg skal gjera for deg?» Slik spurde han og slik spør han og idag.

Ein talar spurde: «Kva er forskjellen på julenissen og Jesus». Julenissen spør gjerne: Er det nokon snille (born) her? medan Jesus spør: Er her nokon som ikkje får livet til, som føler seg mislukka? «KVA VIL DU EG SKAL GJERA FOR DEG?» Spørsmålet Jesus her stiller er eigentleg heilt fantastisk, og det er nettopp til deg.

La oss tenkja oss om.

Kanskje vi først skal ta til med å takka. Takka for arbeid, helse, familie, mat, klær, vener, Guds ord, bøneretten, forsoninga.... For ein del kan det vera vanskeleg å takka for dette. Arbeidsløyse, dårleg helse, familieproblem og mykje anna kan gjera nokon kvar mismodige. Mange faktorar kan her spela inn slik at ein føler seg både mislukka og einsam.

Den blinde mannen let seg ikkje stoppa når folket bad han teia. «Jesus dreg forbi — eg må tala med han». Dette var hans store sjanse. Hans einaste håp var knytt til Jesu person.

I mitt liv har eg hatt mange store stunder. Rett nok sviktar eg og kan både ha vanskar og være mismodig iblandt. Men det å kunna gå fram for Gud i bøn om tilgjeving og vera viss på at Han tilgjev, og dertil få knela ved altarbordet og få tilsagt syndenes forlatelse etter Guds ord — det er store stunder.

Når eg så får både starta og avslutta dagen i vissa om at eg høyrer Jesus til så er det det største og viktigaste. I denne vissa skal vi så få leggja våre vanskar og mismod på Han. Ikkje så at vi nødvendigvis er fri dei, men vi har ein som arbeider med dei inn til tida hans er inne til å gripa inn. Difor er hovudsaka for livet vårt: i tru å kasta oss i Frelseren sine armar! Der er eg sikker — UANSETT KVA EG FØLER! I dei armene er den engstelege like sikker som den trygge. Om du høyrer hans røyst så opna ditt hjarta — for Han har omsorg for deg — både for sjel og lekam.

«KVA VIL DU EG SKAL GJERA FOR DEG» spør Jesus. Lukke til. T.H.



## MISJONSVEKE i Ytre Arna og på Haugland

Foreningane for Det Norske Misjonsselskap i Ytre Arna og på Haugland innbyr til misjonsmøte i tida 12.—17. mars.

Møta vert fordelt slik:

Tysdag: Ytre Arna bedehus kl. 19.30.

Tale v/ Liv Dahler.

Onsdag: Ytre Arna bedehus kl. 18.00.

Tale v/ Stein Ove Skadal. Merk tida!

Torsdag: Haugland bedehus kl. 19.00.

Tale v/ Stein Ove Skadal.

Fredag: Haugland bedehus kl. 19.30.

Besøk frå Unges Misjon.

Søndag: Ytre Arna kyrkje kl. 17.00.

Tale v/ Bjørg Bruknapp. Merk tida!

## KONSERT

Johan Sebastian Bach  
1685 — 1985


I år er det 300 år sidan Johan Sebastian Bach vart fødd. Dette jubileet vert markert med konsertar over heile verda. Her i Arna vil vi og vera med å feira hans «fødselsår» med konsertar og musikkandaktar der vi vil framføra musikk frå hans hand.

Søndag 10. mars kl. 19.00 vert det ein slik konsert ved organist Vikøren og songarina Bjørg Schive.

## Fastegudsteneste

Også dette året vil det verta fastegudsteneste i kyrkjene og kapella. Fastetida tek til med oskeonsdag 20. februar, men fastegudstenestene tek til 26/2.

I preikelista på side 16 i bladet står opplysningar om tid og stad.



KVINNENES  
INTERNASJONALE  
BØNNEDAG

Første fredag i mars er kvinnene sin internasjonale bønnedag. I år er der fredag den 1. mars. I Arna vert det møte i Arna bedehus kl 18 med tale av foreningssekretær Bjørg Bruknapp. Det vert vitnemål og felles bøn. Den internasjonale bønnedagen samlar kristne frå alle kyrkjesamfunn til felles bøn.


Emnet dette året er: «Jesus vår fred.» I foldaren som er utgitt med tanke på bønnedagen, kan vi i innleiinga lese fylgjande:

Programmet for bønnedagen i år kommer fra kvinner i India. Kristenommen kom til dette landet med apostelen Tomas allerede i det første århundret. Allikevel er bare 2,6% kristne. India er et rikt land, men bare en liten del av befolkningen får nyte godt av denne rikdommen. Særleg kvinnene har det ofte vanskelig på grunn av fattigdom og sosiale tradisjonjer.

I denne situasjonen har de kristne satt sitt håp til Jesus og i ham har de funnet fred. De henstiller til medsøstre over hele verden å være med i bønn om at deres folk tar imot Jesus og får denne freden.

Fil. 4,6-7

«Vær ikke bekymret for noe, men la i alle ting eders begjæringer komme frem for Gud i påkallelse og bønn med takksigelse, og Guds fred, som overgår all forstand, skal bevare eders hjerter og tanker i Jesus Kristus.»




# Barneside

Kjære Jesus lær meg å be.



Jesus har nettopp avsluttet en bønnestund og en av disiplene kommer og sier til han: «Herre lær oss å be». Denne disippel hadde sikkert hørt Jesus be mange ganger før og nå fikk han lyst til at han og de andre disiplene kunne be slik som Jesus gjorde.



Synes du det er vanskelig å be? Trenger vi å be om å lære å be? Vi føler vel ofte det kan være vanskelig, og vi trenger nok å lære også. Jesus sa en gang at Gud vet hva vi trenger, og at han vil gi oss gode gaver. Jesus vil lære oss å be om de gaver som Gud kan gi oss.

## NY PREMIE-KONKURRANSE

Denne gongen er oppgåva slik: Fortel med ord eller teikning noko om påske.


Du kan altså teikna noko om påske eller skriva litt. Vi vil gje premie, og kanskje også bruka noko av det som kjem inn i påskenummeret av Kyrkjelydsbladet.

Det kan sendast: Kyrkjelydsblad for Arna, Peter Jøbsensv. 39 5265 Ytre Arna


Om du vil vera med i konkurransen, må du senda det til oss slik at vi har det seinast 28. februar. Du kan og levera svaret i kyrkjene eller på prestekontora.

## VINNAR

Etter loddtrekning mellom dei svara som var komne inn på premiekryssordet i nr. 1, vart vinnaren: Kristian Helgesen Vestlivegen 9 Indre Arna Han vil få ein kassett.



# SKATTEJAKT



Har du leika skattejakt nokon gong? Dei som lagar leiken, har gøymt ein skatt på ein lur stad og gitt deg eit skattekart, eller stelt til mange postar du må finna før du kjem til skatten. Det er skikkeleg moro.

I Bibelen står det at Jesus er som ein slik skatt. Han vil vera venen din og frelsaren din så du aldri er einsam. Det er om å gjera å finna Jesus-skatten og. Når du høyrer om Jesus og trur på han, då har du funne den største av alle skattar.

Ein av vegane på biletet fører til skatten, nokon fører ingen plassar, medan andre er farlege. Kan du finna den rette vegen til skatten på biletet?

Op kan du finna Jesus-skatten i røyndomen? Han er på søndagsskulen.

## Misjonens år i Arna

## Aksjonsveke 17. – 21. februar

Ein komite har ei stund vore i arbeid for å leggja til rette for Misjonens År i Arna kyrkjelyd. Soknerådet har oppnemnt Liv Minde og Dagny Midthun. Misjonsselskapet er representert med Margit Hollekve og Trine Romslo Moe, Santalmisjonen med Ragnhild Rein og Israelmisjonen med Klara Ulveseter.

Dei har kome med fleire konkrete forslag til ting som kan gjerast for å spreia informasjon om misjonen, og denne gongen innbyr dei oss alle til å vera med på misjonskveldar på bedehusa i Arna. På alle møta vert det teke opp offer/kollekt til dei misjonsprosjekta Misjonens År i Bjørgvin arbeidar for. Denne møteveka startar

også med misjonsgudsteneste i Arna kyrkje 17.2 kl. 11.00.

Tre misjonærar vert med: Gunvor Kristensen (Santalmisjonen), Tor Dag Kjosavik og Helga Hetleseter (Misjonsselskapet).

10. februar kl. 18.30: Unneland, Gunvor Kristensen.

19. februar kl. 12.00: Trengereid, Tor Dag Kjosavik.

20. februar kl. 18.30: Indre Arna, Tor Dag Kjosavik.


21. februar kl. 19.30: Betania, Lone Helga Hetleseter.

21. februar kl. 18.30: Tunes, Gunvor Kristensen.

Velkommen til mota!

# Fotspor

Av Pål Storrusten



Det sies om noen mennesker at «de setter spor etter seg». Kanskje ønsker du også å være et slikt menneske. Riktignok er det for sent å bli førstemann til Sydpolen eller månen. Og det skal noe til å bli folkefører som Gandhi eller en vitenskapsmann som Einstein. Men drømmen om å sette spor har de fleste av oss.

Jesus satte spor etter seg. Verdenshistorien ble en annen på grunn av ham. Ser du Jesu fotspor? Du finner dem i Bibelen, der kan du lese om hans liv og handlinger. Men du finner Jesu fotspor i hverdagen også. Han er virksom i dag. Og i hans fotspor skal vi følge etter.

Er fotsporene hans for store for deg? Selvsagt er de det! Ingen av oss kan utfylle Jesu fotspor. Men det er ikke poenget. Poenget er at han har bedt oss følge etter.

I Jesu fotspor får vi oppgaver. Å trække i hans fotspor er ingen sight-seeingtur eller uforpliktende heisatur. I Jesu fotspor blir vi bevart fra å rote oss bort og komme på avveier. Vi kan ha blikket festet på ham som går foran. Samtidig er det langt fra kjedelig å gå i Jesu fotspor. For det er ikke alltid like åpenbart hvor de fører hen her i verden.

Men vi vet hvor Jesu fotspor ender til slutt: Hjemme hos Gud. «Dit jeg går, vet dere veien,» sa Jesus.

Store mennesker er små sammenlignet med Jesus. Fotsporene deres kan se imponerende ut. Men det er bare Jesu fotspor som fører på rett vei.

Går du i Jesu fotspor?

## Framhald på side 1 Kyrkjene står ikkje....

skulle såleis kyrkjene vera i bruk til ca. 66 korøvingar i tillegg til dei andre arrangementa. Når vi reknar saman arrangementa og korøvingane, kjem vi opp i heile 146 samlingar i desse 2 kyrkjene i denne 90-dagars perioden. Ein skulle difor ikkje tru at kyrkjene er dei forsamlingslokala som vert minst nytta!

Og det er ikkje snakk om folketome kyrkjer på desse samlingane heller. Om vi i heile denne perioden reknar gjennomsnittstalet på framømte berre til gudstenester, vert det 107 til kvar gudsteneste i Ytre Arna og 197 i Arna kyrkje. Då er skulegudstenester, vigslar og gravferder halde utanom. Om vi tek det med, skulle det difor ikkje vera så heilt få som var innom kyrkjene i løpet av året.

At det i kyrkjelydane også er eit omfattande arbeid som frivillege kristelige organisasjonar og sokneråda driv, viser også statistikken: 21 foreningar for ytremisjon, 12 for indremisjon, 3 for sjømannsmisjon, 2 kyrkjeforeningar, 4 organiserte diakonale tiltak, kyrkjelydsskule og ei rekkje andre utval med spesialoppgåver i kyrkjelydane.

Arbeidet mellom born og unge er heller ikkje lite: 19 tiltak for førskoleborn, 21 for born i alderen 7-12 år og 13 tiltak for unge 13-18 år.

Desse tala skulle vel seia meir enn mange ord om at mange er engasjert i kristeleg arbeid rundt om i preste-gjeldet og at kyrkja og kristent arbeid har sitt å seia for mange menneske.

# Familierådgivning

Det finnes to kirkelige familierådgivningskontorer i Hordaland, Kirkens Familierådgivning — Biskopshavn og Bjørgvin Bispedømmeråds Familierådgivningskontor, begge beliggende i Bergen, Kirkens Familierådgivning er en del av Kirkens diakonarbeid.

I kontorenes retningslinjer heter det bl.a.: «Virksomheten bygger på kristne verdinormer med respekt for individet og dets integritet og tar sikte på å hjelpe klientene ut fra deres egne forutsetninger — uansett sosial status, livsførsel, religiøs tro eller politisk oppfatning».

Ektepar, hele familier, separerte og fraskilte, eller andre som er i en vanskelig livssituasjon, kan søke kontorene for opplysning, veiledning og mer omfattende hjelp. Ingen problemer er for små dersom de føles vanskelig. Det kan dreie seg om uoverensstemmelser og konflikter mellom ektefellene eller i familien. F.eks. seksuelle problemer, bekymring i forbindelse med svangerskap, forskjellige følger av sykdom, misbruk av alkohol eller narkotika, eller generelle

problemer som kontaktløshet, stadig uenighet og krangel, vanskelig med å snakke sammen, eller andre ting som gjør at en føler behov for hjelp.

Det blir hvert år registrert en økning i antall personer som søker hjelp ved Familierådgivningskontorene.

For de fleste av oss er det en overvinning å søke hjelp på denne måten. Ikke desto mindre vil det som regel være større mulighet for å gjøre noe med situasjonen dersom den ikke har utviklet seg for langt.

Kontorene har tilknyttet gynekolog, lege, psykiater, psykolog, sosionom, prest og jurist som arbeider i team.

De som arbeider ved kontoret har taushetsplikt. All hjelp som ytes er gratis.

Vennlig hilsen  
**Kirkens Familierådgivning-  
Biskopshavn**  
Biskopshavn kirke  
telf. 25 53 30  
**Bjørgvin Bispedømmeråds  
Familierådgivningskontor**  
Øvregaten 25, 3. etg.  
telf. 31 05 42



## Henning Sommero til Arna!

Søndag 24. februar kl. 18.00 skipar Arnavågen Musikklag til konsert i Arna Kyrkje.

Henning Sommero er kjend frå m.a. gruppa Vårsøg, og han fekk Spelemannsprisen for nokre år sidan.

Av programmet kan nemnast komposisjonar av J.S. Bach — i høve 300-årsjubileet — arrangement over norske folketonar.

Orgelspel — korpsmusikk — piano og sang. Det er duka for ei stor musikkoppleving siste søndag i februar!

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

### † Døde

#### Arna sokn:

20/01: Thomas Tveit, Andreas Kjølen, Theres Uhe. Christian Arnesen døypt i Fyllingsdalen kirke

27/01: Therese Felde Haugseth, Betina Holmefjord Jakobsen, Linn Kristin Hauge, Hallgeir Brekke, Jan-Henrik Gunby.

#### Ytre Arna sokn:

03/02: Camilla Charlotte Kalsås Hansen

#### Arna sokn:

11/01: Kristine Kippersund f. 1920.

15/01: Sigurd Halland f. 1912.

22/01: Kjellaug Njåstad f. 1909.

27/01: Trygve Garnes f. 1914.

29/01: Edvard Nesse f. 1914.

#### Ytre Arna sokn:

26/01: Sverre Henriksen f. 1925.

### Ofringane i Kyrkjelydane

#### Arna sokn:

06.01: Kr. 705,- Kyrkjelydsarbeidet

13.01: Kr. 1689,- Menighetsfakultetet

20.01: Kr. 1568,- Kyrkjelydshuset

27.01: Kr. 1710,- Israelsmisjonen

#### Ytre Arna sokn:

6/1: Bibelskulen, Bildøy kr. 657.-

13/1: Dronning Mauds minne kr. 285.-

20/1: Kyrkjelydsarbeidet kr. 777.-

### Fyndord om religion og ateisme

Det er en vanlig misforståelse at når folk slutter å tro på Gud, tror de ikke lenger på noe. Men det er nok verre enn som så. Når de slutter å tro på Gud, tror de på hva som helst.

**Radiomannen Kåre Hegseth**

### Sanning

Det hender av og til at menneskene støyter på sanninga. Men dei fleste samlar seg raskt att og skundar seg vidare, som om ikkje noko hadde hendt.

**Sir Winston Churchill**

### Mareritt

Det som vi alle saman er redde for, er ein labyrinth som ikkje fører nokon stader hen. Det er derfor gudløysa er slikt et mareritt.

**G.K. Chesterton**

### Korleis Gud er

Gud er slik han sjølv seier i ordet sitt, ikkje slik som tankane dine tenkjer han burde vera.

**Richard**

### Filosofi og religion

Litt filosofi leder menneskets tanke til ateisme, men dyp filosofi bringer menneskets tanke til religion.

**Sir Francis Bacon**

### Framhald frå side 10

sirkulasjonen igjen. Det kan være en langsam og vond prosess, men det skal lykkes dersom vi er tålmodige. Gud gi oss innsikt og frimodighet til å la kjærlighetens varme skape en klimaforandring i våre bygder og byer, en ny vår av kjærlighet til nedisete mennesker.

Det er en kristen-oppgave. Den er din og min.

### Presten har ordet



Harald Sundsbø

### I staden for blomar.....

Ikkje så skjeldan er det nokon som uttrykkjer ynskje om ei gåve til eit eller anna føremål i samband med gravferd. Då vert det til vanleg sett ut noko å leggja gåvene i ved utgangen av kyrkja, og dei som ynskjer å gje ei gåve, legg pengane der.

Når skikken med å gje blomar til gravferd har utvikla seg, så har det vore som uttrykk for takksemd til den som er død og ei helsing til familien i sorg. Om det er blomehelsingar i ei gravferd vil difor også alltid familien få kort der det står namna til dei som sendte helsingane.

Ved innsamling til eit føremål i staden for blomar vert det ikkje noko slik direkte helsing til familien frå dei som gjev gåva. Då vert pengane lagt der utan at nokon veit kven som var med og gav minnegåva, og familien vil ikkje få noko personleg helsing frå dei som var saman med dei i sorga.

På ein enkel måte kan det gjerast annaleis — og eg vil nemna det som ein ide som eg veit vert praktisert andre stader.

I samband med at ein legg pengane i offerskåla, legg ein også eit kort i den same skåla. Om pengane ligg i ein konvolutt saman med kortet eller for seg, har ikkje noko å seia. Dei som tel opp minnegåva vil då ta seg av pengane, og korta vert levert til familien.

I sorg kan det vera godt å vita at ein har medkjensle frå vener og familie, og ein slik ting som ei lita helsing kan ha sitt å seia. Det treng sjølv sagt ikkje vera orda på korta som er avgjerande, berre namnet som uttrykk for medkjensle kan vera ei støtte.

Men — som nemnt — dette var berre ein ide eg vil gje vidare. Så må ein sjølv sagt gjera sine eigne tankar og avgjera om ideen har noko føre seg.

Men eg veit mange set pris på den omtanke som blomehelsingane i gravferdene er uttrykk for, og om ein då vel å samla inn ei minnegåve i staden, er jo ikkje omtanken mindre frå dei som gjev. Kanskje skulle medkjensla også då koma fram direkte til familien ved eit enkelt kort saman med pengegåva?

DET ER  
STOR  
GLEDE . . .



. . . på MENIGHETSAKULTETET

over at byggegjelda er nedbetalt. MF greier seg likevel ikkje utan frivillige gåver for å halde oppe verksemda til teneste for kyrkjelydane.

VER MED og støtt arbeidet på Menighetsfakultetet!

«Ei gåve til Menighetsfakultetet er ei gåve til heile kyrkja.»

Gåver til MF er SKATTEFRIE, og kvittering/vedlegg til frådrag på sjølvmeldinga, vert sendt for alle gåver på kr. 50,- eller meir.

MENIGHETS  FAKULTETET

Adresse: Gydas vei 4, 0363 Oslo 3

Postgiro: 5 12 87 80

Bankgiro: 6038.30.18636

## MØTE

### BETANIA, LONE:

- 21/2: Møte i samband med «Misjonens år i Bjørgvin» kl. 19.30.  
23/2: Ungdomskveld.  
2/3: Laurdagssamling kl. 16.00.  
5- Møteveke v/Det norske  
10/1: misjonsselskap.

### YTRE ARNA BEDEHUS:

- 26/2 Ungdomsveke  
-3/3: v/misjonssambandet. Talarar Knut Kvamme og Harald Breistein.  
12/3: Misjonsmøte v/misjonær Liv Dahler.  
13/3: Misjonsmøte v/Stein Ove Skadal.

### HAUGLAND BEDEHUS:

- 14/3: Misjonsmøte v/Stein Ove Skadal.  
15/3: Misjonsmøte v/Unges Misjon.

### ARNA BEDEHUS:

- 16/2: Ungdomskveld kl. 19.00.  
Klaus Muff vert med.  
20/2: Misjonsmøte kl. 18.30.  
21/2: Eldretreff kl. 17.00.  
24/2: Søndagsmøte kl. 19.00.  
28/2: Bibeltime v/prost Johs. Valle.  
3/3: Kyrkjelydstreff kl. 19.00.  
5- Møteveke v/Indremisjonen.  
10/3: Talar sokneprest Rolf Viersholm.  
14/3: Bibeltime v/prost Johs. Valle.  
17/3: Familekaffi kl. 17.00.

### TUNES BEDEHUS:

- 21/1: Kl. 18.30 Misjonsmøte.

### UNNELAND KRINS:

- 19/2: Kl. 18.30 Misjonsmøte.

### TRENGEREID KRINS:

- 19/2: Kl. 12.00 Misjonsmøte.

## Dypfryste hjerter

Av Magne J. Bergslid

I et blad har jeg lest om et merkelig medisinsk eksperiment. De greide å kjøle ned et hundehjerte til + 195 grader C og fant ut at det kunne overleve prosedyren i fjorten dager.

Jeg kan ikke huske om forskerne planla å gjøre tilsvarende eksperiment med menneskehjertes. Men dersom de går med planene, vil jeg bare si dem: Det er slett ikke nødvendig. Vi har mer enn nok av nedfryste menneskehjertes, og vi vet så altfor godt at de ikke overlever lave hjertetemperaturer.

Vi mennesker må alltid være oppmerksomme på hva slags miljø vi skaper rundt oss, om vi fryser ned mennesker vi møter, eller om vi tiner dem opp, gir varme og kjærlighet. Kan det være at mange av oss virker som effektive kuldeblandinger, is-skap av moralisme og selvtillit? Det er viktig at vi vokter oss for de farlig lave hjertetemperaturene. Vi må i stedenfor tine opp de nedfryste hjertene som verden er så full av. Det vi trenger er mennesker som med ord og gjerning, med sin måte å være på, virker som varmegeneratorer.

Nestekjærighet er den handlemåten som helt svarer til vår eksistens som mennesker. Det er ikke sagt hele sannheten om meg dersom jeg bare sier at jeg er et menneske. Sanrheten er at jeg er et medmenneske, et menneske sammen med andre. Dette betyr at en vinning som går ut over andre, til sist vil bli tap. At seier i mellommenneskelige konflikter bare er seier dersom uvennen min blir vennen min.

Vi mennesker er satt inn i dette livet med uløselige gjensidige bånd. Vi er alle søsken. Oppgaven er å lære å leve med hverandre som det vi faktisk er, en stor søskenflokk.

Så må vi være påpasselige med frostskaedene. Det gjelder å få i gang



## Julefest for eldre

Ytre Arna Sanitetsforening og sokneråd inviterte alle eldre i kyrkjelyden til julefest 13.1. Denne festen vart i år på Sentrum, då oppslutninga i fjor var mykje større enn før. Det slo ikkje feil denne gongen heller. Dei eldre møtte godt fram — 110 personar vart det dekkta til. Her ser vi nokre innslag frå festen: song ved barnekoret, skulemusikken spela, og på kjøkkenet var det kvinnene frå sanitetsforeninga som stelte i stand.



## Store utfordringar for Santalmisjonen i Quito

*For eit år sidan gjekk Berthe Marie Ulveseter frå Arna på Norsk Diakonhøgskole i Oslo på lina for misjon og u-hjelp. I studietida hadde dei ein praksisperiode på 2 mnd. og ho var i den tida i Ecuador i Sør-Amerika. Mesteparten av tida var ho i hovudstaden Quito og studerte Santalmisjonen sitt arbeid der.*

*Etter opphaldet skreiv ho ei stor oppgåve om sine intrykk og me bad henne gje oss del i litt av det gjennom Kyrkjelydsbladet.*

Det er ein enorm forskjell på fattige og rike i Equador. 10% av innbyggjarane eig 90% av jorda. Store delar av befolkninga lever på eit eksistensminimum.

Bydelen som Santalmisjonen driv arbeidet sitt i, i Quito, heiter La Colmena, og er ein svært fattig bydel. Mange familiar lever berre på eit rom. Der er det svært fattigsleg, gjerne utan ljøs, innlagt vatn, eller noko og koka maten på. Ein av familiare eg vitja, og som Santalmisjonen var i kontakt med, var familien Trevotes (sjå bilde). Dei budde i eit lite skur, bygd av bølge-

blekk, tetta med papp, og med jordgolv. Det var ikkje ljøs i rommet. Inventaret bestod av to senger, og der budde og sov mor/far og 7 born. Fleire av borna dei hadde fått var døde. Familien fekk litt mat av misjonen når nauda var størst, og to av borna gjekk i misjonen sin barnehage.

Santalmisjonen starta opp arbeidet i La Colmena i 1974. Kyrkjelyden har no vel 30 medlemmer. Av aktivitetar i kyrkja kan nemnast: Bibelstudiegrupper, ungdomsgruppe, søndagsskule, gudstjenester og evangeliserings-

**Framhald neste side**



Berthe Marie saman med nokon av familien Trevotes - mellom dei fattige i Quito.

gruppe. Kyrkjelyden var i fjor ferdig med eit nytt kyrkjebygg. Ein god del av arbeidet vart gjort på dugnad, og kyrkjelyden brukte alle offerpengane sine på dette.

I tilknytning til kyrkjelyden blir det dreve ein barnehage med misjonsmidlar. Den har plass til ca 50 born. Borna frå dei fattigaste familiare i La Colmena har fortrinnsrett, og dei betaler ingen ting. Kyrkjetilhørighet spelar ingen rolle. I barnehagen får borna undervisning, og dei får to måltid mat. For nokre av borna er det den einaste maten dei får om dagen. Der- som behovet er stort får dei og klede og medisiner. Ikkje alle familiar har råd til å senda borna sine på skule. Difor driv og Santalmisjonen eit innskole- ingsprogram for vel 20 born. Dei får hjelp til uniform, bøker og anna skule- utstyr.

I tilknytning til kyrkjelyden blir det og drive eit sykurs, og forskjellig anna

kursverksemd.


Fellesskapet i kyrkjelyden fungerte fint. Dei var flinke til å dra medlem- mane inn i konkrete situasjonar, når det var folk i bydelen som trengte sær- skild hjelp.

Behovet for sosial hjelp i La Col- mena er enormt. Ein kan ikkje hjelpa alle, og borna vart difor prioritert, så dei ikkje skulle bli enda større sosiale taparar enn foreldra. Den djupaste sosiale innsatsen ein kunne gjera i all nauda var å forkynna evangeliet. Det synte seg gong på gong at når eit menneske vart omvendt, fekk det og store konsekvensar for den sosiale situasjonen det levde i. Evangeliet fri- gjer, og gjev von og initiativ til å gjera noko med sin eigen situasjon. Men det er likevel ikkje nok berre å evangeli- sera. Evangelisering og sosialt arbeid må gå hand i hand, noko arbeidet i La Colmena er eit godt døme på.

## Sokneråda og dei tilsette i kyrkjelydane på tur

Mange av soknerådsmedlemmane og dei tilsette i kyrkjelydane var på Kvamsseter 18. - 19. januar. Denne samlinga vart godt nytta til drøf- tingar, bibeltimar og ting som ein kan arbeida med i kyrkjelydane.

Denne gongen var sokneprest Fykse med og hadde bibeltime og sokneprest Rolf Helen Iversen snakka om korleis ein kunne nå ut til nye med evangeliet. Liv Minde la fram det arbeidet som er gjort i samband med misjonens år i Arna, og det vart dagar med inspirasjon til arbeidet og fellesskap i teneste.



# underveis

- er underveis

Programserien i radio og TV om kristen tru idag er starta. I Arna har Kyrkjelydsskulen tilbod om å koma saman med andre og sjå programma og samtala i grupper etterpå. Det er på Arna Gymnas i biblioteket og i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Det var bra frammøte til første samling begge stader, og ein har framleis høve til å «hengja seg på». Då møter ein opp ein av desse stadane kl. 19.45 og tek med matpakke. Kaffe og te vert servert.

Det er no tre program att i serien:

27/2: Vi er sammen - underveis.

13/3: Framtid, liv og død.

27/3: Ansvar og håp.

Velkomen til å vera med på ei eller fleire av desse samlingane.



Nokre av deltakarane på Garnes første samtalekvelden.

## Nytt frå sokneråda

**Sivilarbeidar.** Arna sokneråd har fått oppretta stilling for sivilarbeidar. Han vil få arbeidet sitt delt mellom Ytre Arna og Arna og dei 2 sokneråda vil dela på utgiftene. Vi har no fått melding om at Kåre Kvalvåg frå Unneland tek til her frå midten av februar og skal vera i teneste fram til mai-86. Han har no vore ungdomsarbeidar i ein kyrkjelyd i Stavanger i nokre år.

**Kyrkjelydshuset, Ytre Arna.** Mange av romma i dette huset står ledige. Aktivitetsklubben for born i klasse 1-3 har mange medlemmar og treng meir plass for å kunna driva med ulike aktivitetar. Soknerådet har vedteke å ordna i stand 3 rom i 2. etasje til dette.

**INNkjøp** av bord til kapellet: Arna sokneråd har gjort vedtak om innkjøp av 10 bord til kapellet ved sida av kyrkja for å bruka det til Kyrkjelydshuset står ferdig.

## KONTINGENTEN

— Har du hugsa den?

Rekneskapan for Kyrkjelydsbladet for 1984 viser at utgiftene og inntektene for bladet i 1984 balanserar. Kr. 32.000 kom inn i kontingent og gaver frå 908 personar. Desse innbetalingane er heilt avgjerande for å kunna gje ut bladet. Ved nr. 1 låg postgiroblanketten for den frivillege kontingenten. Om du har mista den blanketten og vil betala, står adresse og bank/postgironummer på side 16 i kvart blad. Takk for innbetalingane!

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleivland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

### Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

### VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

### ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

### ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørages oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**

**VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40







# Velkommen til kyrkje

- 17/2 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy og landsevangelist Klaus Muff. Nattverd. Takkoffer til «Misjonens år». Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. BORNA SIN MISJONSDAG. Takkoffer til Misjonssambandet. Kyrkjekaffi. Ytre Arna barnekor.
- 24/2 **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til «Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd».  
**Trengereid kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Utdeling av «Mi kyrkjebok».  
**Arna kl. 18.00.** Konsert Arnavågen musikkforening.
- 26/2 **Arna kl. 20.00** Fastegudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.
- 3/3 **Arna kl. 11.00** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Kirkens familierådgivning.
- 6/3 **Ytre Arna kl. 20.00.** Fastegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
- 10/3 **Arna kl. 11.00** Pastor Finn Jarle Sæle. Takkoffer til Kirkens SOS.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til «Misjonens år». Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19.00.** Konsert.
- 12/3 **Arna kl. 20.00** Fastegudstjeneste v/sokneprest Øy.
- 17/3 **Arna kl. 11.00** Res.kap. Sundsbø og gen.sekr. Odd Bondevik. Nattverd. Takkoffer til Misjonsselskapet. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19.00** Ungdomsgudsteneste.  
**Ytre Arna kl. 11.00** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Song av Yngste Røster.  
**Ytre Arna kl. 17.00** Heile kyrkjelyden syng. Kollekt til Det norske misjonsselskap.
- 20/3 **Arna kl. 20.00.** Fastegudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.  
**Trengereid kl. 19.00.** Fastegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## Søndag er kyrkjedag

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg

Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

**Forretningsfører:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf. 24 85 46.

**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 3: 1. mars.**